

# **Orientering til luteigarane/ generalforsamlinga i Hosanger dampbåtbryggja**

## **Invitasjon til å melde til formannen om ein er luteigar**

### **Status for Hosanger dampbåtbryggja**

Hosanger dampbåtbryggja er eit lutlag (aksjelag) som eig dampbåtbryggja/kaien på austsida i inste del av Mjøsvågen. Laget har bankinnskott på vel kr 100.000. Fram til 1976 gjekk det rutebåt til Hosanger. Einaste inntektskjelde har sidan da vore fraktebåtar med jord, grus og asfalt som har betalt hamneavgift.

Lutlaget vart truleg skipa siste del av 1800-talet. Det vart seld og opparbeidd rettar til lutar i «den gamle bryggja på Holme» og det må ha vore den som me no kallar «Prestabryggja». I 1901 starta ein byggjekomite arbeidet med å få bygt ein ny steinbryggje. I 1903 var det 34 personar som betalte inn for nyteikna lutar a kr 10,-. Den nye bryggja vart truleg teken i bruk i 1902 eller 1903. Dei som hadde gamle lutar, kunne få desse oppgraderte til 10,- kroner lutar mot å betale eller arbeide for det doble av differansen.

Me har ei luteigarbok, opphavleg frå 1932. Her er registrert 171 lutar; dei 115 første frå teikninga i 1903, resterande frå nyteikning i 1951 og 1952 (25,- kroner lutar).

I tillegg er det for 9 lutar i styremøte handsama ulike saker med vedtak om å skrive ut (nye) aksjebrev, men som ikkje er tekne med i luteigarboka.

Lutane er personleg eigde. For nokre av lutane er det ført inn i luteigarboka kven dei er «transporterte» til (kven som er ny eigar).

Det er 1 person som er registrert med 40 lutar, 1 med 8 lutar, 1 med 7 lutar, 1 med 6 lutar, 6 med 4 lutar og 3 med 3 lutar. Nokre har 2 lutar og resten har 1 lut. Så vidt me kan sjå, er det berre 2 av dei registrerte luteigarane i luteigarboka, som framleis lever; dei eig til saman 3 lutar. Dei fleste registrerte luteigarar har fleire generasjonar etter seg utan at det er registrert kven som er rette arving.

I tillegg til luteigarboka, har me ein protokoll som startar med generalforsamling 6.5.1922. I dette møtet vart godkjent rekneskap for 1903-15 og for 1916 til 30.4.1922. For seinare år har me rekneskapsbok og bilagsmappe. I 2020 fekk me tilgang til innhaldet i ei kiste som var til sals på finn.no. Kista hadde tilhøyrt Nils A Mjøs som var kasserar i laget. Det var Tommy Kleppe som oppdaga kista og Aksel Øvsthus som kjøpte ho. Her var m.a. protokoll frå 1903 med liste over interesserte i 1901 og liste over kven som hadde kjøpt lutar i 1903, her var laget sine statuttar (lover) frå 1903 (som ikkje sidan er endra), og her var utfylte lutbrev.

Siste val av styre var 8.5.1989. Av 3 i styret lever 2. Dei 2 varamedlemene og revisor lever ikkje. Lars Mjøs vart vald til formann i styremøte same dag og har fungert som kasserar etter at kasseraren døde. Audun Hellevang er

styremedlem. Formannen har kravt inn hamneleige, har ført tilsyn, har fått hengt opp att/ skaffa nye fendrar (lastebildekk), m.a. med kjetting og sjaklar spona av Mjøs Metallvarefabrikk AS og har vist vekk båtar som har lagt seg til over lengre tid.

Styret har lenge ikkje funne noko løysing for oppdatert organisering av laget/ eigarskapen og har funne det for krevjande å skaffe godt nok oversyn til å halde generalforsamling. Lars Mjøs bestemte seg for å vente til han blei pensjonist med å gå laus på omorganisering. No er tida inne.

### **Intensjonsavtale med Bergen og omland friluftsråd, BOF.**

Osterøy kommune melde seg for ikkje mange år sidan inn i BOF. BOF har m.a. overteke drifta av badeplassen på Sperneset og dei har rusta opp kaien og vareskuret på Kleiveland på ein veldig fin måte og sikra ålmenta tilgang til sjøen. BOF får skryt av mange.

Styret fekk eit vink om at det kunne vere ein god ide å kontakte BOF om eventuell interesse for å overta Hosanger dampbåtbryggja. Styreformannen tok kontakt hausten 2020. Kort tid etter kom administrativ leiar og ein medarbeidar på besøk og fekk både sjå og høyre om bryggja og miljøet rundt. Og det tok ikkje lang tid før dei melde tilbake at dei var interesserte i å overta bryggja vederlagsfritt dersom Miljødirektoratet godkjenner statleg sikring av eigedomane som friluftsområde. Dermed vil det vere mogleg å søkje på tilskotsordninga for slike område. I januar 2021 har BOF søkt Miljødirektoratet om tilskot til dekking av oppmåling og tinglysing ved ei eventuell overtaking.

Formannen har spora opp informasjon i panteregister, pantebøker, rettsprotokoll, laget sine protokollar og luteigarbok, gamle og nyare bilete, Mjøsvågboka osv. Laget eig 3 eigedomar og har bruksrett på ein fjerde eigedom samt bruksrett på tilførsleveg. Eigaren av eit naust (tidlegare Handelslaget sitt vareskur) leiger areal av laget og eigaren av eit anna naust har rett til å ta inn og ut varer mm. Formannen har hatt ein svært god dialog med desse og BOF har kome med konstruktive innspel til løysingar slik at det vil vere færrast mogeleg hefte om dei overtek/ får statleg sikring.

På bakgrunn av denne dialogen har BOF og formannen utarbeidd ein intensjonsavtale som styret har godkjend og partane underteikna pr 11.12.2020. Avtalen føreset at BOF oppnår statleg sikring og at generalforsamlinga i Hosanger dampbåtbryggja vedtek å overdra eigedomane og bruksavtale til BOF.

### **Kven er luteigarar i dag?**

Det kan bli eit stort puslespel å finne ut kven som er rettmessige luteigarar når me skal halde generalforsamling, vonleg til våren 2021.

Me vil spreie informasjon gjennom ulike kanalar, m.a. sosiale media, om at rettmessige luteigarar må melde seg. Me vil m.a. ha annonse i Bergens Tidende og i Bygdanytt.

Vidare vil me gjere diverse informasjon tilgjengeleg på internett på [mjosvagen.no](http://mjosvagen.no) (kan og bruke [mjosvagen.no](http://mjosvagen.no)). Her er m.a. liste over alle registrerte luteigarar.

a) Dersom du fysisk har lutbrev/aksjebrev som du kan syne fram for formannen anten ved frammøte eller ved å sende foto eller skan; vil du bli registrert som rettmessig eigar.

b) Dersom du er arving til ein luteigar og du kan dokumentere at ingen andre arvingar gjer krav på lutbrevet, vil du bli registrert som rettmessig eigar. Da må du skaffe signert erklæring frå dei andre aktuelle arvingane.

c) Det kan vere både tidkrevjande og vanskeleg å skaffe signatur frå alle arvingar i samsvar med b). Eigarskapen til lutane er personleg. Styret går likevel inn for at dersom det er vanskeleg å skaffe erklæring frå alle andre aktuelle arvingar, vil me foreslå for generalforsamlinga at den arving som bur i tidlegare Mjøsdaalen skulekrins eller som no har eigedom (bnr) på det gardsnummer som sist registrerte luteigar hadde eigedom (bnr) på eller budde på, vil bli registrert som rettmessig luteigar dersom ingen andre arvingar leverer inn krav om eigarskap til same luten. Dersom fleire arvingar tilfredsstillar denne føresetnaden, må det leggjast ved signert erklæring frå desse om aktuell fordeling av eigarskap til luten/lutane.

d) Dersom du har erverva ein lut gjennom t.d. kjøp eller medfølgjande ved kjøp av eigedom, og ikkje fysisk har lutbrevet, må du leggje fram dokumentasjon på ervervet.

Frist for å melde inn krav om å bli registret som luteigar vere 20.03.2021. Når formannen har fått sett opp liste over rettmessige luteigarar, vil det kallast inn til generalforsamling ca 1 måned seinare. Det er ynskjeleg å gjere dette reint fysisk med frammøte, eventuelt ved at den som møter, har med seg skriftleg og signert fullmakt. Dersom korona-situasjonen ikkje tillet slikt fysisk møte, vil dei aktuelle møtedeltakarane få tilsend «eit spørjeskjema» der ein kan registrere kva alternativ ein røyster på for dei ulike sakene.

Lars Mjøs har samla så mykje dokumentasjon og bilete at det er aktuelt å lage ein samla presentasjon av laget si søge, mest truleg som eit hefte eller ei lita bok med mange bilete. Det hadde vore fint om fleire kunne skrive ned eller lage video- eller taleopptak om livet på og ved Hosanger dampbåtbryggja og senda til [lars@mjos.no](mailto:lars@mjos.no). Styret foreslår for generalforsamlinga at laget dekkjer kostnadene/ trykkjekostnaden med dette slik at kvar luteigar som vert registrert, får 5 stk eksemplar.

## **Aktuell sakliste for generalforsamlinga:**

Rettmessige luteigarar har høve til å koma med framlegg til endring av saklista, endring av framlegg til vedtak og alternative framlegg til vedtak innan 20.03.2021 (same frist som innmelding av eigarskap til lutar).

**Registrering av fram møte.** Dei som har/representerer meir enn 1 røyst, vil få ein lapp der det står kor mange røyster dei har. Registrering av dei som måtte møte med skriftleg fullmakt frå luteigar.

**Formannen ynskjer vel møtt og orienterer om saklista.** Frå statuttane/lovene: «Ved valg paa bestyrele har hver aktionær 1 stemme, hvorimod sager vedrørende bryggens økonomi afgjøre ved stemmegivning efter aktie-beløberne.» Vedtak krev simpelt fleirtal (50%), inkludert vedtak om oppløysing. Det er berre vedtak om endring av statuttane som krev 2/3 fleirtal.

**Godkjenning av innkallinga.**

**Val av møteleiar og av 2 personar til å underteikne protokollen.**

**Formannen orienterer** om status og om framlegget om å overdra eigedomane/ avtalar til BOF.

**Gjennomgang og godkjenning av rekneskapan frå 1.1.1989 – 31.12.2020.**

Saldo i banken er 106.945,43. Overskottet for perioden er 88.294,54. Det har vore inntekter, hovudsakleg leigeinntekter, på 61.608,00, og renteinntekter på 28.347,54. Utgiftene har vore låge, 1.661,00, hovudsakleg tilbakekjøp av meierigrunnen og tinglysing av dette.

Då revisor Odd Tveiten er død, har formannen spurt Lars Magne Bysheim, og han har revidert og godkjent rekneskapan som er ført av Lars Mjøs.

**Framlegg til vedtak** (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal): Generalforsamlinga godkjenner Lars Magne Bysheim som revisor og godkjenner rekneskapan 1.1.1989 – 31.12.2020.

**Overdraging av laget sine eigedomar/avtalar til Bergen og Omland Friluftsråd, BOF.**

**Framlegg til vedtak** (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal): Hosanger dampbåtbryggja overdreg vederlagsfritt laget sine eigedomar/avtalar til Bergen og Omland Friluftsråd, BOF, i samsvar med intensjonsavtalen av 11.12.2020 og i samsvar med avtalar med berørte partar. Formannen har fullmakt til å fullføre tingingar med BOF og berørte partar og har fullmakt til å signere for overdraging av eigedomar og naudsynte avtalar.

**Om bruk av laget sine pengar/ bankinnskot på ca kr 107.000**

**Framlegg til vedtak** (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal):

Formannen har fullmakt til å nytte laget sine pengar som må til for å gjennomføre generalforsamlinga sine vedtak og for å dokumentere laget si soge (trykkjekostnader mm). Resterande midlar vert overførte til BOF med vilkår om at dei skal nyttast til tiltak for å gjere Hosanger dampbåtbryggja betre/ meir brukarvenleg.

**Avvikling av lutlaget Hosanger Dampbåtbryggja**

**Framlegg til vedtak** (kvar lut har ei røyst, vedtak vert gjort med simpelt fleirtal):

Formannen har fullmakt til å gjennomføre dei aktivitetar og tiltak som skal til for å formelt oppløyse lutlaget Hosanger dampbåtbryggja. Aktuell dokumentasjon skal arkiverast hjå Osterøy museum.

**Val av styre** («Ved en generalforsamling vælges en bestyrelse paa 3 mand, der inder sin midte igjen udvælger formand og kasserer.” “Ved valg paa bestyrelse har hver aktionær 1 stemme”): Laget har ikkje valnemnd og styret kjem ikkje med framlegg til kandidatar. Lars Mjøs er villig til å ta attval dersom generalforsamlinga vedtek å overdra eigedomane til BOF.

## **Avslutning**

### **Vedlegg:**

Som vedlegg til denne orienteringa til generalforsamlinga vil følgjande dokument vere tilgjengelege:

Om Hosanger dampbåtbryggja (kort orientering ved Lars Mjøs).

Kart som syner laget sine eigedomar og utbyggingar ved Lars Mjøs.

Bygnings og kaisoge (notat ved Lars Mjøs).

Statuttar frå 1903.

Utfylt lutbrev/aksjebrev frå 1903.

Eit utval bilete.

Liste over registrerte luteigarar.

Innmelding av eigarskap til lut(ar)/ aksje/aksjar. Skjema.

Intensjonsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd av 11.12.2020.